



Johannes Tyssebotn  
Vestre Kleppsvegen 122  
5283 FOTLANDSVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2635 - 19/29583

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
04.10.2019

## Vedtak om omgåande stans i arbeidet - gbnr 221/1 Eikefet

### Saka gjeld:

Lindås kommune har i samband med synfaring/tips vorte merksam på at det er gjennomført vesentlege terrenginngrep på eigedom med gbnr 221/1. Terrenginngrepet omfattar utfylling av massar mot/i Eikefetelva som er eit verna vassdrag.

### Bilete frå synfaringa:



Lindås kommune var på synfaring den 26.09.19 kl. 14.00. Det vart då konstatert at det er tilført vesentlege mengder med massar mot/i Eikefetelva.



Arbeidet er søknadspliktig i samband med pbl § 20-1/20-2. Lindås kommune kan ikkje sjå at det er søkt om og gjeve løyve til arbeidet etter plan- og bygningslovgivinga.

Arbeidet er sett i gang ulovleg og må stansast. Kommunen ser det som nødvendig å gje pålegg om stans med omgåande verknad på grunn av at tiltaket skjer i eit verna vassdrag. I tillegg kan inngrepet påverke dei hydrauliske tilhøva langs vassdraget og få vesentlege konsekvensar for omgjevnadene.

### **Pålegg om omgåande stans og vedtak om tvangsmulkt**

Etter plan- og bygningslova § 32-4 gir vi dykk eit pålegg om stans som du omgåande må følge. Arbeidet kan ikkje halde fram før vi har gitt eit eventuelt løyve i ei byggjesak. Om nødvendig må området sikrast på forsvarleg måte.

Vi vedtek samtidig ei tvangsmulkt på kr. 10 000 som forfell til betaling dersom du ikkje stansar arbeidet. Vi varslar samtidig om at vi kan vedta ei ny og høgare tvangsmulkt dersom arbeidet ikkje blir stansa.

### **Vi kan be om bistand frå politiet for å stanse arbeidet**

Dersom de ikkje følgjer pålegget om å stanse arbeidet på eigedommen, vurderer vi å be politiet om hjelp for å sikre at det skjer.

### **Vi kan melde forholdet til politiet**

Dersom de ikkje følgjer pålegget om å stanse arbeidet på eigedommen, kan vi melde forholdet til politiet.

### **Regelverket som er brukt**

- Plan- og bygningsetatens rett til å gi stoppordre kjem fram av plan- og bygningslova § 32-4.
- Plan- og bygningsetatens rett til å vedta tvangsmulkt kjem fram av plan- og bygningslova § 32-5.
- Plan- og bygningsetatens plikt til å førehandsvarsle eventuelle vedtak kjem fram av plan- og bygningslova § 32-2.
- Plan- og bygningsetatens rett til å melde forholdet kjem fram av plan- og bygningslova § 32-9

### **Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Dykkar rettigheter:**

Det er avtalt **synfaring den 14.10.19 kl. 09.30** for å sjå på tilhøva på staden.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 19/2635», eventuelt gnr 221, bnr 1.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Johannes Tyssebotn

Vestre 5283  
Kleppsvegen 122

FOTLANDSVÅG